



Bakgrunn for vedtak

Søknad om konsesjon for uttak av vatn
og regulering av Kvitebergsvatnet til
produksjon av settefisk

Kvinnherad kommune i Hordaland fylke



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshaver	Alsaker Fjordbruk AS
Referanse	
Dato	09.06.2016
Notatnummer	KI-notat 12/2016
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Bård Andreas Selstad Ottesen

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Samandrag

Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8 til å ta ut vatn og regulere Kvitebergsvatnet i Kvinnherad kommune.

Alsaker Fjordbruk AS nyttar i dag Kvitebergsvatnet som vassskjelde til sitt anlegg ved Ølve. Anlegget fungerer som eit kombinert stamfisk- og settefiskanlegg (50 000 sjødyktig settefisk), og har eit vassuttak på 0,15 m³/s i gjennomsnitt for kvar månad. Uttaket har ikkje konsesjon etter vassressurslova. Alsaker Fjordbruk AS ynskjer no å utvide til ei meir intensiv drift innan settefisk. Det vert søkt om eit gjennomsnittleg vassuttak på 16 m³/min (0,27 m³/s). Største slukeevne er planlagt til 0,4 m³/s, som er kapasitet på eksisterande vassleidning. Det vert også søkt om å regulere Kvitebergsvatnet 1,6 m mellom kote 9,5 (HRV) og kote 7,9 (LRV). Dette er 0,8 m meir enn dagens regulering av vatnet, som har LRV kote 8,7. Det er planlagt å sleppe ei minstevasføring på 4 m³/min (70 l/s) heile året. Det er planar om å byggje ny dam ved utløp av Kvitebergsvatnet, men ut over dette skal det ikkje gjerast nye inngrep i vassdraget. Eksisterande røyrgate skal nyttast.

Kvinnherad kommune rår til at det vert gitt løyve til regulering og vassuttak frå Kvitebergsvatnet, med HRV sett til maksimalt 9,6 moh. **Fylkesmannen** rår til at søknaden vert avslått slik den ligg føre. Dei meiner at ytterlegare vassuttak frå Kvitebergsvatnet er eit unødvendig naturinngrep, då krav til beste tilgjengelege teknologi (resirkulering) ikkje er oppfylt (jf. naturmangfaldlova § 12). **Hordaland fylkeskommune** set krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt. Fylkeskommunen meiner det bør vurderast å setje krav til resirkuleringsteknologi og at det bør vere eit mål å fjerne fiskesperra i vassdraget. **Statens vegvesen** har ingen spesielle merknadar til søknaden. **Eirik Moss** går i mot søknaden og meiner at vasstanden i vatnet (HRV) ikkje må endrast. **Karistova Sameige** er bekymra for at større variasjon i vasstand vil få negative konsekvensar for bruk av vatnet. Dei er også urolege for at auka variasjon i vasstand vil ha negativ verknad for landskap, fisk og raudlista artar. **Eva Røyrane og Ingemar Røyrane** er i mot søknaden. Dei meiner at auka regulering, opp til kote 10, vil vere negativt for jordbruk, landskap og friluftsliv. Jon Atle Barek meiner at avbøtande tiltak må sikre at ein kan lande, sette ut og ta opp båt på alle vasstandar.

Dei aller fleste utbyggingsprosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til vassuttak til settefiskanlegget må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå. I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Alsaker Fjordbruk AS sitt anlegg vil gi eit bidrag til produksjon av smolt og auke i verdiskaping i regionen.

Dei største konfliktane med utbygginga er knytt til landskap og friluftsliv, kulturminne og biologisk mangfald. Omsynet til landskap og friluftsliv er vektlagt spesielt sidan tiltaket ligg i eit område som er mykje nytta til friluftaktivitetar av lokalbefolkninga. NVE meiner at med ein tappestrategi der ein tek unna flaumtoppar, vil tiltaket ikkje føre til større ulemper knytt til for høg vasstand. NVE meiner at vasstandsvariasjonane ved ei regulering vil bli noko større enn dagens situasjon, men at desse variasjonane likevel er akseptabel for friluftsliv og andre brukarinteresser.

Verknad for kulturminner er tillagt vekt då området har ei rik historie frå nyare tid. NVE vurderer at utbygginga i liten grad vil påverke kjente kulturminneverdiar.

Tiltakets verknad for biologisk mangfald er også vektlagt. Det vandrar sjøaure og ål opp i vassdraget. NVE vurderer at dagens fiskesperre ved utløp av Kvitebergsvatnet, er til stor skade og ulempe for sjøaure og ål. NVE meiner at det er ein føresetnad at sjøaure og ål skal kunne passere dammen ved

utløp av Kvitebergsvatnet. Dersom fiskesperra blir fjerna og det blir sleppt minstevassføring frå inntaksdam, meiner NVE at tiltaket vil få ein positiv effekt med tanke på sjøaure og ål. Ved etablering av ny dam ved utløpet av Kvitebergsvatnet er det viktig at sjøaure og ål vert sikra passasje forbi dammen. Med føresetnad om at avbøtande tiltak vert gjennomført, meiner NVE at verknadane for allmenne interesser kan akseptertast.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Alsaker Fjordbruk AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn og regulering av Kvitebergsvatnet. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

NVE slår fast at anlegget, slik det står fram med fiskesperre, er til nemneverdig skade og ulempe for allmenne interesser i vassdraget, og at drift av anlegget med fiskesperre utan konsesjon ikkje er i tråd med vassressurslova § 8. NVE gir Alsaker Fjordbruk AS frist for å sørge for at anadrom fisk skal kunne passere inntaksdam innan 01.01.2018.

Innhald

Samandrag.....	1
Søknad.....	2
Høyring og distriktsbehandling.....	5
NVEs vurdering.....	14
NVEs konklusjon	19
Forholdet til anna lovverk	20
Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova.....	21

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Ølve Bruk AS, datert 07.05.2014:

«Alsaker Fjordbruk AS søker om vassuttak for settefiskanlegget sitt, Ølve Bruk AS (reg. nr. H/K 0009) i Ølve i Kvinnherad kommune, Hordaland. Det vert søkt etter vassressurslova sin § 8, om løyve til:

- Uttak av vatn frå Kvitebergsvatnet på 16 m³/min (0,27 m³/s)*
- Regulering av Kvitebergsvatnet mellom HRV 10,0 moh. og LRV 8,8 moh.*
- Det vert søkt om slepp av minstevassføring til utløpselva på 4 m³/min (0,07 m³/s)*

Ølve Bruk AS (lokalitet 17855 Hyttevågen) har i dag konsesjon på 50.000 sjødyktig settefisk av laks, aure og regnbogeaure, og ynskjer å utvida til ei meir intensiv drift, med kontinuerlig bruk av 16 m³/min. Med eit magasin på 1,7 mill. m³, vil dette vera tilstrekkeleg til å sikra omsøkte uttak av vatn. Eksisterande regulering av magasinet vert søkt auka frå gjeldande praksis på 0,8 meter til 1,2 meter for å kunna møte nedbørfattige år.

Denne søknaden dannar grunnlag for søknad om konsesjon for ein betydeleg utviding av produksjonen. Søknaden er utarbeidd i samråd med Rådgivende Biologer AS, og turvande opplysningar om tiltaket kjem fram i vedlagte utgreiing og vedlegg.»

Settefiskanlegg på lokalitet Ølve, hovuddata

TILSIG		Hovudalternativ
Nedbørfelt Kvitebergsvatnet	km ²	14,5
Årleg tilsig til sjø	mill.m ³	25,2
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	55
Middelvassføring	m ³ /s	0,8
Alminneleg lågvassføring	l/s	110
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	210
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	60

SETTEFISKANLEGG

Inntak	moh.	10
Avløp	moh.	0
Lengde på aktuell elvestrekning	m	375
Brutto fallhøgde		10
Gjennomsnittleg uttak av vatn	l/s	270
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	70
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	70
Tilløpsrøyr, diameter	mm	450
Brukstid	%	100

MAGASIN

Magasinvolum	mill. m ³	1,7
HRV	moh.	10,0
LRV	moh.	8,8

Om søkjar

Alsaker Fjordbruk AS har produksjon i 12 kommunar i Hordaland og Rogaland. Selskapet har åtte settefiskkonsesjonar og 22 konsesjonar for matfisk. Alsaker Fjordbruk AS har eit industrianlegg – Viking Fjord AS på Sunde i Kvinnherad kommune. Ved utgangen av 2013 hadde selskapet til saman 210 tilsette.

Settefiskanlegget ved Ølve har i hovudsak hatt stamfisk for rognproduksjon, men har også hatt ein liten settefiskproduksjon på lokaliteten sidan 10. oktober 1983. Ølve Bruk har i dag konsesjon på produksjon av 50.000 sjødyktig settefisk. **Skildring av området og dagens inngrep**

Ølve Bruk AS ligg ved utløpselva frå Kvitebergsvatnet, som ligg nedst i eit 15 km² stort vassdrag på vestsida av Hardangerfjorden. Området har eit skogkledd og småkupert landskap, der storparten av busetnaden spreier seg utover med sporadiske småbruk.

Det eksisterande settefiskanlegget ligg ved sjøen, innarst i Hyttevågen. Landskapet langs fjorden er trøngt og består av bratte og småkuperte, skogkledde åsar ned mot den innestengde fjordbotnen. Området i Hyttevågen er prega av busetnad og fleire andre inngrep. Langs nedre del av utløpselva frå Kvitebergvatnet går det veg og kraftline.

Settefiskanlegget har eit eksisterande vassinntak i Kvitebergsvatnet. Inntaket er festa i ein inntakskasse litt inn i vatnet som gjer det mogleg å ta inn vatn frå overflata og frå 18 m djup. Vassleidningen frå Kvitebergsvatnet til settefiskanlegget er omlag 500 m lang med diameter 450 mm. Leidningen ligg på elvebotnen på første halvdel av elvestrekninga for deretter å følgje langs austsida av elvebredda vidare ned til settefiskanlegget.

Utløpet av Kvitebergsvatnet er tidlegare sprengt ut, truleg for å hindre oppstuvning og flaumproblem ved landbruksområda langs innsjøen. Det er ein gamal dam i utlaupsosen av innsjøen, der det også er etablert fiskesperre som hindrar opp- og nedvandring av fisk. Dammen er omlag 80 cm høg, og ligg i ein utskoten kanal som har seinka botn/terskelen i utløpet med omlag 1,2 meter. Dammen held vasstanden i innsjøen på anslagsvis 40 cm under naturleg terskel.

Settefiskanlegget sitt noverande vassforbruk er gjennomgåande på 0,15 m³/s som gjennomsnitt for kvar månad gjennom året. Største slukeevne ved anlegget er på 0,4 m³/s, avgrensa til leidningane sin kapasitet.

Teknisk plan

Regulering

Det vert søkt om å regulere Kvitebergsvatnet med 1,2 meter, mellom HRV kote 10,0 og LRV kote 8,8. Dette er ein auke frå dagens reguleringspraksis som er 0,8 meter senking frå HRV.

Etter høyringsrunde og synfaring har det komme fram at opphavleg søknad med regulering mellom HRV kote 10,0 og LRV kote 8,8 ikkje stemmer overeins med dei verkelege høgdena for Kvitebergsvatnet. Søkjar har difor, i brev av 02.07.2015, bede om at tala for HRV og LRV i søknaden vert justert til HRV kote 9,5 og LRV kote 7,5. Naturleg vasstand blir oppgitt til kote 9,5.

NVE gav tilbakemelding til Alsaker Fjordbruk AS at ein auke av reguleringa frå 1,2 m til 2,0 m var så stor at forslaget då måtte ut på ei avgrensa høyring til dei som gav innspel i høyringsrunda. Alsaker Fjordbruk gav tilbakemelding 20.04.2016 at dei reduserer reguleringshøgda til 1,6 m og søker om HRV 9,5 moh og LRV 7,9 moh. NVE meiner denne auken ikkje treng sendast på ny høyring, då reguleringa ikkje skil seg vesentleg frå det omsøkte med tanke på verknader og innspel i saka. NVE legg difor HRV 9,5 moh og LRV 7,9 moh til grunn for den vidare vurderinga av tiltaket.

Det er planlagt å bygge ny dam for å kunne nytte magasinkapasiteten betre. I staden for dagens støypte botnterskel på kote 8,72 skal det etablerast ein terskel med overløp på kote 9,5. Ny terskel skal utstyrast med fjernstyrt luke for senking av vasstand før varsla flaum. Flaumluka skal ha botn på eksisterande terskel på kote 8,7. Det er også foreslått å auke breidda på terskelen ved utsprenging på sidene for å ta unna meir vatn og dempe oppstuvning ved flaum.

Inntak

Dagens etablerte inntakssystem med inntakskasse, som gjer det mogleg å ta inn vatn frå ulike djup, skal nyttast.

Vassveg

Dagens 450 mm vassleidning skal nyttast.

Veg

Det er ikkje planlagt etablert nye vegar.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

I kommunedelplan for Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy 2009-2018 er arealet ved settefiskanlegget avsett til næringsverksemd og småbåthamn, med moglegheit for utfylling i sjø utanfor anlegget. Vatnet og vassvegen ligg i LNF område.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje med i verneplan for vassdrag.

Nasjonale laksevassdrag

Vassdraget er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 10.12.2014 saman med representantar for tiltakshavar, kommunen og grunneigarar. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentlig postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Kvinnherad kommune har merknader knytt til vasshøgder. Kommunen har ein kum i tilknytning til vassverket ved Røyrane (på vestsida av vatnet). Ved høg vasstand, kote 9,60 og høgare, vert det problem med tilkomst til kummen. Kommunen peikar også på at dyrka mark, fleire naust og hytter vil bli råka dersom vasstanden kjem opp mot kote 10. Vatnet er mykje nytta til fritidsbruk og fiske. Auka vasstand vil ha påverknad på tilkomst til båtstøene. Kvinnherad kommune rår til at HRV vert sett til maksimalt 9,6 moh.

Fylkesmannen rår til at søknaden vert avslått slik den ligg føre. Dei meiner at ytterlegare vassuttak frå Kvitebergsvatnet er eit unødvendig naturinngrep, då krav til beste tilgjengelege teknologi ikkje er oppfylt (jf. naturmangfaldlova § 12). Fylkesmannen rår til å oppgradere til eit resirkuleringsanlegg der bruken av vatn er mykje mindre. Fylkesmannen meiner også at ei utviding må ta høgde for oppgang av anadrom fisk i framtida, og at oppgang av ål må sikrast.

Hordaland fylkeskommune viser til at det er kjent mange automatisk freda kulturminne og andre verneverdige kulturminne rundt Kvitebergsvatnet. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Detaljerte planar som omfattar alle

planlagde inngrep av varig og mellombels karakter må sendast på høyring til Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern.

Tiltaket sin innverknad på kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid bør vurderast. Vassføring i elva bør oppretthaldast i størst mogleg grad med tanke på visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø.

Hordaland Fylkeskommunen meiner det bør vurderast å setje krav til resirkuleringsteknologi for å redusere vassuttaket og trongen for regulering av Kvitebergsvatnet. Fylkeskommunen meiner og at det bør vere eit mål å fjerne fiskesperre i vassdraget.

Statens vegvesen

Statens vegvesen har ingen spesielle merknadar til søknaden.

Eirik Moss går i mot søknaden og meiner at vasstanden i vatnet ikkje må endrast. Høgare vassføring vil gi problem for naust og dyrkamark ved Amberavika og skogsbilveg ved Atramadal.

Kari Sørland for Karistova Sameige uttaler at dei er bekymra for at større variasjon i vasstand vil få negative konsekvensar for bruk av vatnet og tilkomst med båt ved låg vasstand. Høg vasstand opp mot kote 10 kan gi problem for naustbygningen og tilkomst til denne. Dei er elles bekymra for at auka variasjon i vasstand vil ha negativ verknad for landskap, fisk og raudlista artar (ål, blodigler og padder) i og ved Kvitebergsvatnet.

Eva Røyrane og Ingemar Røyrane protesterer mot dei omsøkte reguleringane av Kvitebergsvatnet og ber NVE avvise søknaden. Dei viser til at ei regulering opp til kote 10 vil bety at delar av bøen Øyra vil bli ståande under vatn. Båtplass med lagune og flytebyggje vil bli overfløymd og vere utan tilgang, det same gjeld sandstranda på badeplassen. Dei meiner at auka regulering vil vere negativt for jordbruk, landskap og friluftsliv. Det vert elles vist til fleire gamle kulturminne rundt vatnet som kan bli påverka av ei auka regulering.

Jon Atle Barek viser til at planlagt ny regulering vil være til stor og kostbar ulempe når det gjeld landing, utsetting og opplag av båt. Det vert og vist til kulturminne knytt til tidlegare gruvedrift. Avbøtande tiltak må sikre at ein kan lande, sette ut og ta opp båt på alle nivå av reguleringa av vatnet, samtidig som ein tek omsyn til kulturminne frå landing av malm frå gruvene nordaust ved vatnet.

Søklar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søklar har i brev av 10.11.2014 kommentert høyringsuttalane. Søklar oppsummerer med følgjande:

«...»

1. Innleiande kommentar til søknad og fråsegn

Det sentrale i mange av fråsegnene er reaksjon på høgdene som er oppgitt i søknad om regulering av Kvitebergsvatnet. Rett nok står det heilt eintydig i søknaden at det ikkje skal skje noko med dei fysiske installasjonane, og at manøvreringa av vasshøgda i innsjøen vert som før, men med unntak av at det i særleg turre periodar kan verta noko større tapping av vatnet. Høgste regulerte vasstand (HRV) vert som no. I søknaden står det m.a.:

- *Regulering av Kvitebergsvatnet mellom HRV 10,0 moh. og LRV 8,8 moh*

Dette er dessverre ikkje i samsvar med dei verkelege høgdene for Kvitebergsvatnet. Rådgivende Biologer AS har arbeidd med tilhøva i Kvitebergsvatnet heilt attende til år 2000, mellom anna med lodding og utarbeiding av djupnekotekart for vatnet. Høgda 10 moh. er

henta frå dei første rapportane, frå tida før NVE hadde sin innsjødatabase tilgjengeleg på nett. Då var informasjon om innsjøane sitt areal og høgd henta frå eit rekneark som var ei kopi av NVE sin «Regime-database». Der var høgda angitt til 10 moh. I NVE sin noverande database (på www.nve.no), er høgda «redusert» til 9 moh., og søkjar har i tillegg no kontrollmålt følgjande høgder for å vera heilt sikker:

- Støypt terskel i utløpet: 8,72 moh
- «Normal vasstand» i Kvitebergsvatnet i dag: 9,50 moh
- Høg «normal» flomvasstand tydeleg frå strandsona: 9,85 moh
- Høg flomvasstand målt med DGPS 29. oktober 2014: om lag 10,25 moh
- Kross i fjell som regulerer gamle privatrettslege avtalar om høgaste oppdemming: 9,88 moh

Noverande terskel vert ikkje endra og HRV vil då framleis vera som i dag, men ekstreme flaumsituasjonar kan tiltakshavar dessverre ikkje gjera noko med. Ved eit auka vassuttak vil normalvasstand verta noko lågare enn no, slik at flaumtoppane vert noko mindre enn ved noverande vassutak. Dersom framtida fører med seg periodar med meir intens nedbør, vil flaumvasstand kunna verta høgare enn no.

LRV ligg i dag om lag 80 cm under terskelnivå på 8,72 moh men er søkt utvida med ytterlegare 40 cm tapping, då til 7,52 moh. for å kunna møte særlege turre periodar. Dette vil verta sjeldan, og andre vassparande tiltak vil kunna setjast i verk for å avbøta dette.

Søkjar ynskjer derfor innleiingsvis at tala for HRV og LRV i søknaden vert justert i høve til dette;

- Regulering av Kvitebergsvatnet mellom HRV 9,88 moh. og LRV 7,52 moh

I samband med dei ekstreme nedbørsmengdene i deler av Hordaland 26. - 29. oktober, var tiltakshavar på synfaring ved Kvitebergsvatnet 29.10. Det vart då målt (DGPS) ei vasshøgde i Kvitebergsvatnet på om lag 10,25 moh. Ølve Bruk har hatt og har gode rutinar for reinsking av rist, samt påslepp av vatn i dei pt. tomme fiskekara på anlegget, for ytterlegare i minisera vasshøgde i vatnet. Bildedokumentasjon m.m. for desse tilhøva kan dokumenterast, dersom det er ynskjeleg.

2. Kommenterarar til dei innkome merknadane/fråsegnene

Fråsegn 1 Statens vegvesen

Statens Vegvesen har ingen merknadar til søknaden.

Fråsegn 2 Eirik Moss

Moss fryktar at vasstanden vert heva med 40 cm, og ynskjer ikkje at vasstanden i vatnet vert endra. Sidan det ikkje har vare meininga at vasstanden skulle hevast frå noverande nivå, og ein no har justert dei omsøkte høgden i samsvar med verkelegheita, reknar me med at denne innvendinga no fell bort.

Fråsegn 3 Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune har merknadar knytt til vasshøgder, skogsveg og vassforsyningskum, samt til dyrka mark, naust og hytter som eventuelt vert råka ved ei vasstand på 10 moh. Med dei innleiande merknadane om vasshøgde, og dei nedjusterte høgden det no vert søkt om, vil kommunen sine innvendingar stort sett vera kome i møte.

Fråsegn 4 Kari Sørland

Sørland er hytteeigar i nordre enden av vatnet, og har tilkomst til hytta via robåt. Ved låge vasstandar har auka attgroing i vatnet medført problem, og dei fryktar at dette vil auka. Dei omtalar også auke i vasstanden som eit problem, og store variasjonar i vasstand vil endra deira oppleving av eit naturskjønt område, og dei er også bekymra for auren i vatnet.

Høgste vassnivå vert, som tidlegare nemnt, som no. Dersom ytterlegare senking av vasstanden vil medføre problem for deira tilkomst via robåt, er dette tilhøve søkjar vil vera interessert i å finna ein praktisk løysing på, saman med Sørland og familien. Vassuttaket vil ikkje medføre store variasjonar i vassnivå, og det vil verta sær sjeldan trong for å tappa vatnet ned.

Omfattande reguleringssoner som dei ein finn i reguleringsmagasina til dei store vasskraftanlegga til fjells, kan ikkje samanliknast med det som her vert omsøkt.

Aurebestanden i Kvitebergsvatnet er i dag sannsynlegvis overtalig, og det skal sær store inngrep til i gyteområda for auren før denne situasjonen vert endra. Slike inngrep er ikkje planlagt, og i gytetida på seinhausten når auren treng tilkomst til gytebekkene, vil vatnet vanlegvis ikkje vera utsett for omfattande tapping.

Bestandane av paddar og frosk har synt ein ottefull nedgang dei seinare åra over heile landet, og særleg i tettbygde område der yngleplassane vert tørrlagt. Desse dyra har si yngletid på våren, og nyttar nærliggande dammar og grunne parti i innsjøar til dette. Søkjar ser ikkje ein konflikt i omsøkt bruk av vatn, sidan øvste vasshøgde vert som no.

Fråsegn 5 Eva Røyrane og Ingemar Røyrane

Røyrane er eigar av ein fritidseigedom med bruksrett til båt og badeplass i vatnet Dei fryktar også at ei heving av vasstanden til kote 10 vil vera til stor skade for deira rettar og aktivitetar. Dette er ikkje aktuelt og er omtalt ovanfor. Dei omtalar vidare ei rekkje spanande kulturminne langs vatnet, men dette temaet vert handsama i samband med Hordaland fylke si fråsegn nedanfor (8).

Fråsegn 6 Jon Atle Barek

Barek nyttar båt i vatnet, og fryktar at den nye reguleringa vil vera til stor og kostbar ulempe for han. Dette er tilhøve som søkjar vil gå i dialog med Barek om for å finna ei praktisk og enkel løysing på.

Fråsegn 7 Fylkesmannen i Hordaland (FMHO)

Fylkesmannen har framheva at bruk av resirkuleringsteknologi er ynskjeleg, sidan dei vurderer dette som «beste tilgjengelege teknologi» (BAT), og rår difor til at søknaden vert avslått. FMHo hevdar at setjefiskproduksjon fram til no har vore svært krevjande med omsyn på vassforbruk, og at ein etter naturmangfaldlova sin § 12 skal nytta driftsmetodar som unngår eller avgrensar skadar på naturmangfaldet. FMHo meiner at resirkuleringsteknologi er den «beste tilgjengelege teknologien».

Søkjar er ikkje utan vidare samd i denne vurderinga. Setjefisknæringa har vore gjennom ei rivande teknisk utvikling dei siste ti-åra, og storleiken på anlegga har auka frå 1990-talet, då dei største anlegga hadde konsesjon på 200.000 - 500.000 stk. smolt. Alsaker Fjordbruk AS har i dag eit setjefiskanlegg (Fjon Bruk i Sveio) med tillat ramme på produksjon av m.a. 20 millionar smolt årleg. I næringa vert anlegga med konsesjon på mindre enn 2,5 millionar smolt, rekna som små.

Samstundes har vassbruken gått dramatisk ned, frå dei reine gjennomstrøymingsanlegga der ein tidleg på 1990-talet rekna trong for 1 liter vatn i minuttet for kvar kg fisk i anlegget. No er vassbruken i vanlege gjennomstrøymingsanlegg med oksygenering og lufting av vatnet nede på under 0, 1 l/min/kg fisk, og dei reine resirkuleringsanlegga treng mindre enn 0,01 l/min/kg fisk. I praksis kan slike anlegg driva med 100% resirkulering i periodar. Denne teknologien er ikkje ny, men er dei aller siste åra i større grad teken i bruk der vassressursane er avgrensa.

Men sjølv om mange anlegg i dag vert planlagd med resirkuleringsteknologi, er ikkje den «vanlege» teknologien brått «mindreverdig». Resirkuleringsanlegga inneheld sær mange uavhengige element som må driftast, med eigne/ekstra kontrollrutinar, alarmar og tilhøyrande risiko for at noko kan gå galt. Eit reint gjennomstrøymingsanlegg med god tilgang på vatn, der ein også nyttar tyngdekrafta for vatnet sin gang gjennom anlegget, er mykje meir «robust» og treng mindre alarmar og kontrollsystem med t.d. vaktordningar, og difor også mindre bemanning.

Denne problemstillinga er omtala i naturmangfaldlova si § 12, som seier at det skal gjerast ei balansert vektning av samfunnsnytta i høve til omfang av skadeverknad på naturmangfaldet når ein vel den aktuelle driftsmetoden. Dermed vert ikkje ein driftsmetode «betre» eller meir «høgverdig» enn ein annan, men valet av metode skal skje individuelt i kvart einskild høve. I dei tilfella der ein har ei god vasskjelde og skadeverknadane ved nytting av denne er små, vert ikkje resirkuleringsanlegg «beste tilgjengelege teknologi». Men i eit verna vassdrag med m.a. anadrome bestandar av laksefisk, vil det vera viktig med anlegg som har eit lågast mogleg vassuttak i høve til produksjonen, og då vil resirkulering vera den «beste tilgjengelege teknologien». Søkjar meiner at vasskjelda Kvitebergsvatnet toler planlagt vassuttak, og at noverande søknad nyttar «beste tilgjengelege teknologi», jamfør premissane som gjeld eit overordna samfunnsmessig resultat.

Fylkesmannen skriv at «Vassuttaket vil etter søknaden vere størst i perioden mai - august, og dette fell saman med perioden når friluftaktiviteten knytt til vassdraget er størst». Søkjar ynskjer å gjera merksam på at dette ikkje er korrekt, det er søkt om eit månadleg uttak av 0,27 m³/s gjennom heile året. På dette grunnlaget etterlyser Fylkesmannen nærare vurderingar av konfliktpotensialet med brukarane. Høyringsrunden og dei innkomne fråsegnene syner at dei verkelege konfliktane med brukarane er små, og at det burde vera mogleg med enkle og praktiske løysingar for å avbøta desse.

Søkjar ynskjer også å peika på at søknaden inneheld eit kapittel om trong for undersøkingar i anleggs- og vidare driftsfase, ikkje fordi dette er særskilt viktig i dette høvet, men fordi desse vurderingane skal vera gjort i alle slike søknadar, og ligg som standard i NVE sine malar.

Fråsegn 8 Hordaland Fylkeskommune

Hordaland Fylkeskommune har ansvar for verknadar på kulturminne, og har presentert ei omfattande og nyttig liste over kjende kulturminne langs med Kvitebergsvatnet. Områda har ein lang og spanande kulturhistorie, og spor etter ulike typar av tidlegare aktivitet finst mange stadar rundt vatnet. Dei fryktar også at ei heving av vatnet vil ha store negative verknadar på dei heilt vassnære kulturminna. Vasshøgder er omtalt ovanfor, og vert ikkje endra i den retninga.

Samstundes kan det frå utgreiinga verka som om konsulenten Rådgivende Biologer AS har gjort ein «slett jobb» med beskriving av verknadane for kulturminna. Det første utkastet til søknad vart utarbeidd allereie i 2010, og etter dette har dei i slike prosessar også inkludert

skriftleg førespurnad til Fylkeskommunen om det er kulturminne ein her må ta omsyn til. Dette vart ikkje gjort den gongen. Dessutan var avgrensinga av influensområde med omsyn på verknadar for kulturminne knytt til ny vassleidning frå utløp av vatnet og ned til sjøen, sidan det ikkje var planlagt nokon endring av høgste vasstand i sjøve innsjøen.

Sidan høgste vasstand vert som no, og dette er omtalt innleiingsvis, ser ikkje søkjar at innvendingane til Fylkeskommunen har nokon innverknad på prosjektet. Undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminnelova vil verta oppfylt i samband med framtidig detaljplanlegging av prosjektet, dersom konsesjon vert gjeve.

Fylkeskommunen har også gitt fråsegn med omsyn på friluftsliv, oppgang av anadrom fisk og ål, sjølv om dei berre har forvaltningsansvar for ikkje-anadrom ferskvassfisk som ikkje er truga. Deira vurdering av at tiltaket vil ha «liten negativ verknad for aure i vassdraget» er ikkje fagleg nærare grunngjeve, og difor vanskeleg å koma i møte. Det står heller ikkje i stor motsetnad til føreliggande vurderingar frå Rådgivende Biologer AS. Fylkeskommunen sitt råd om vurdering av resirkuleringsteknologi ligg, slik me ser det, utanfor deira mynde.

3. Oppsummering

Ovanfor har tiltakshavar gjort greie for dei mest sentrale merknadane i dei innkomne fråsegnene. Med dette som bakgrunn, vil me tru at NVE snarleg kan invitera til synfaring og gjennomgang av dei ulike utfordringane for omsøkt tiltak, eventuelt be ytterlegare dokumentasjonar, før det vert gjort endeleg vedtak i saka.

Til sist vil me nok ein gong presisera at vassdragsinstallasjonane i hovudsak allereie er gjennomført, med inntaksarrangement i innsjøen, inntaks- og reguleringsdam og inntaksleidning.»

Tilleggsopplysningar

Ølve Bruk AS har i brev av 02.07.2015 komme med følgjande innspel til opplegg for regulering av Kvitebergsvatnet:

«Innspill til opplegg for regulering av Kvitebergsvatnet

NVE mottok søknad fra Alsaker Fjordbruk AS 7. mai 2014, om løyve til regulering og uttak av vann fra Kvitebergsvatnet i Kvinnherad kommune til settefiskanlegget Ølve Bruk AS. Saken ble lagt ut til offentlig ettersyn 2. juni 2014 på Rådhuset i Rosendal, med frist 1. september 2014 for innsending av uttalelser. Disse er samlet og kommentert av søker 10. november 2014, og det ble så avholdt synfaring med NVE på prosjektet 10. desember 2014.

Mange av de innkomne merknadene fokuserte på Kvitebergvatnets høyde, og at de omsøkte reguleringene ville medføre fare for flom, samtidig som økt nedtapping ville medføre problemer knyttet til dagens bruk av innsjøen. Søker har derfor vurdert ulike tiltak for å redusere konfliktene knyttet til variasjon i vannstand. Sentrale element er tappestrategi og utforming av terskel/dam med fjernstyrte flomluke eller lignende.

Reelle høyder

Før synfaringen hadde søker kontrollmålt følgende høyder for å unngå videre diskusjon om høyder:

- Dagens støpte terskel i utløpet: 8,72 moh.
- «Normal nåværende vannstand» i Kvitebergsvatnet: 9,50 moh.
- Flomvannstand tydelig fra strandsonen: 9,85 moh.
- Flomnivå 29. oktober 2014: 10,25 moh.
- Kryss i fjell som regulerer gamle privatrettslige avtaler om høyeste oppdemming: 9,88 moh.

Praksis for dagens LRV ligger omtrent 80 cm under terskelnivå på 8,7 moh., men dette er svært sjelden benyttet. For å sikre seg i svært tørre perioder, er dette søkt utvidet med ytterligere 40 cm nedtapping, da til 7,5 moh. Søknaden er på dette grunnlag i brev av 10. november 2014 derfor justert slik: HRV 9,5 moh. og LRV 7,5 moh.

Flomsituasjon


Dagens dam holder ikke igjen vann i tider der tilsig er større enn forbruk, slik at en mister muligheten for å sikre seg tilstrekkelig magasin. Det er derfor ønskelig å etablere en noe høyere terskel for HRV i forhold til dagens fysiske terskel. Samtidig må denne etableres slik at en hindrer videre oppstuvning ved flom.

Tidligere var dette i små dammer vanlig utført med enten «nåler» som sto eller «bjelker» som lå stablet manuelt opp i en utslippsterskel. NVEs veileder 2006-1 «Inntakshåndboken. En rettledning for planlegging og utforming av inntak til småkraftverk» viser til at flomluker må være driftssikre. Derfor er ikke de gamle «nålestengsel» eller «bjelkestengsel» vanligvis godkjent som flomluker fordi de kan være vanskelige å bruke i en flomsituasjon. Veilederen anbefaler som det sikreste og enkleste å velge en fast overløpsterskel uten luker. Toppen av terskelen legges på nivå med ordinær driftsvannstand, som er den vannstand som er ønskelig ved normal drift av inntaket.

Det forslås at terskel legges på kote 9,5 moh., men at den etableres med en fjernstyrt luke for senking av vannstand før varslet flom. Denne luken kan ha «bunn» på eksisterende terskel på kote 8,7 moh., slik at det ikke blir forskjell fra i dag på flom oppstuvning. I tillegg kan bredden på terskelen også økes ved utsprengning på kantene, slik at den får økt sin kapasitet til å svelge unna ved flomoppstuvning.

Økt nedtapping / senking av vannstand

Med omsøkt HRV på 9,5 og LRV på 7,5 blir det maksimalt 2 m reguleringshøyde. Dette vil imidlertid ikke bli benyttet annet enn i ekstreme situasjoner. Hydrologi-vurderingene tilsier at med et uttak på 0,27 m³/s over året, og slipp av minstevannføring på 70 l/s, vil det vanligvis ikke være behov for mere enn 80 cm nedtapping på sommeren, i et «tørt» år 1,2 m og i det tørreste året (2010) ville det være behov for 1,6 m nedtapping på vinteren (figur under).



De hydrologiske vurderingene som er presentert i søknaden, er ment å simulere at en setter inn og tar ut en kontinuerlig produksjon av fisk hele året, med et helt jevnt forbruk av vann gjennom året. En slik produksjon ligger imidlertid et godt stykke fram i tid, og uansett vil det generelt være mulig å forsere utsett av fisk på våren, og legge opp til noe lavere vannuttak på tidlig sommer.

Men dersom en virkelig tar ut den vannmengden som søknadens «tak» angir, vil det være på vinteren det er størst uttak i forhold til tilrenningen, og da kan en eventuelt supplere med mer sjøvann på den største fisken i anlegget, - eller til og med kan den største fisken settes tidligere i sjøen ved behov. Videre kan anlegget i dag senke inntaket i innsjøen for å redusere temperaturen på vannet, og dermed redusere vannbehovet for fisken, noe som er en god nødløsning på våren og utover sommer, da temperaturen ellers kan bli høy.»

Ølve Bruk AS har i brev av 08.04.2016 komme med følgende innspel til opplegg for regulering av Kvitebergsvatnet:

«Revidert innspill til opplegg for regulering av Kvitebergsvatnet

NVE mottok søknad fra Alsaker Fjordbruk AS 7. mai 2014, om løyve til regulering og uttak av vann fra Kvitebergsvatnet i Kvinnherad kommune til settefiskanlegget Ølve Bruk AS. Saken ble lagt ut til offentlig ettersyn 2. juni 2014 på Rådhuset i Rosendal, med frist 1. september 2014 for innsending av uttalelser. Disse er samlet og kommentert av søker 10. november 2014, og det ble så avholdt synfaring med NVE på prosjektet 10. desember 2014.

Mange av de innkomne merknadene fokuserte på Kvitebergsvatnets høyde, og at de omsøkte reguleringene ville medføre fare for flom, samtidig som økt nedtapping ville medføre problemer knyttet til dagens bruk av innsjøen. Søker har derfor vurdert ulike tiltak for å redusere konfliktene knyttet til variasjon i vannstand. Sentrale element er tappestrategi og utforming av terskel/dam med fjernstyrte flomluke eller lignende.

Rådgivende Biologer AS utarbeidet et notat 2. juli 2015 omkring aktuelle og omsøkte reguleringshøyder sett i lys av de innkomne merknadene. NVE har siden påtalt at siden dette avviker noe fra det som var utlyst, må det hele eventuelt høres på nytt. Dette notatet har som formål å anbefale reguleringshøyder slik at ny utlysning ikke er nødvendig, og det kommer derfor som tillegg til og revidering av notatet fra 2. juli 2015.

Reelle høyder

Før synfaringen hadde søker kontrollmålt følgende høyder for å unngå videre diskusjon om høyder:

- *Dagens støpte terskel i utløpet: 8,72 moh.*
- *«Normal nåværende vannstand» i Kvitebergsvatnet : 9,50 moh.*
- *Flomvannstand tydelig fra strandsonen: 9,85 moh.*
- *Flomnivå 29. oktober 2014: 10,25 moh.*
- *Kryss i fjell som regulerer gamle privatrettslige avtaler om høyeste oppdemming: 9,88 moh.*

Praksis for dagens LRV ligger omtrent 80 cm under terskelnivå på 8,7 moh., og siden dette svært sjelden er benyttet, ansees det fr tilstrekkelig. Det anbefales derfor at det søkes om HRV = 9,5 moh og LRV 7,9 moh.

Med eksisterende utforming av utløpskanal og damkonstruksjon, blir det med denne LRV uproblematisk å etablere opplegg for slipp av minstevannføring. Dette må måles opp og detaljtegnes dersom det gis konsesjon.»

NVEs vurdering

Hydrologiske verknader av utbygginga

Settefiskanlegget nyttar eit nedbørfelt på 14,5 km² ved inntaket og middelvassføringa er berekna til 0,8 m³/s. Effektiv innsjøprosent er på 12,1 %. Avrenninga varierer frå år til år med dominerande flaumperiodar om hausten og om vinteren, men flaum kan opptre heile året. Lågaste vassføring opptre gjerne om sommaren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 60 og 210 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 110 l/s. Gjennomsnittleg vassuttak per månad er planlagt til 0,27 m³/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 70 l/s heile året. Det vert søkt om eit jamt uttak gjennom heile året. Med eit gjennomsnittleg vassuttak per månad på 0,27 m³/s vil settefiskanlegget i følgje søknaden ta ut ca. 33,9 % av tilsig i eit normalår. Dette vil gje ei samla restvassføring på ca. 0,51 m³/s ved utlaup av Kvitebergsvatnet som eit gjennomsnitt over året. Vassuttaket slik det vert søkt om vil føre til at det ikkje vert overlaup, og difor vil vere naudsynt å sleppe minstevassføring, i ca. 57 % av året i eit normalår. Om vinteren vil behovet for slepp av minstevassføring vere noko lågare, medan det om sommaren vil måtte sleppast minstevassføring i om lag 63 % av tida. Det omsøkte vassuttaket vil i det tørraste året (1937) i berekningsperioden ha behov for tapping av magasinet i 318 dagar (87 % av tida). I eit middels år (1974) vil magasinet vere nedtappa i om lag 214 dagar (59 % av tida), og i eit vått år (1967) om lag 109 dagar (30 % av tida).

For å sikre ein magasinreserve er det planar om å oppretthalde og oppgradere dagens reguleringsterskel ved utløpet av Kvitebergsvatnet. Det vert søkt om å regulere Kvitebergsvatnet 1,6 meter mellom HRV kote 9,5 og LRV kote 7,9. Dette skal sikre ein magasinreserve på om lag 2,2 mill m³.

Berekna magasinkurve, med midlare månadsuttak viser at det er størst sannsyn for at nedtappinga vert størst på vårparten ved låg tilrenning. Berekna magasinkurve for Kvitebergsvatnet i måleperioden 1934-2013, med midlare månadsuttak på 270 l/s og slepp av minstevassføring på 70 l/s, viser at magasinet vert nedtappa i store delar av året. Berekningane viser at magasinet i eit gjennomsnittleg år ikkje vert tappa ned meir enn ca. 0,8 m, men at vatnet i tørre år kan bli tappa ned om lag 1,3 m (kote 8,3). I det spesielt tørre året 2010 viser berekna magasinkurve at vatnet ville vore tappa ned 1,56 m (kote 7,9) utan ekstra vassparande tiltak.

I lengre tørrperiodar vil settefiskanlegget ha moglegheit for å sette inn ekstra vassparande tiltak som å hente kaldare vatn frå djupare lag i magasinet, etablering av CO₂ luftarar og oksygenering direkte i kara. I ekstreme tilfelle kan delar av biomassen flyttast til selskapet sitt anlegg i Ålvik. Bruk av sjøvatin på den største fisken er også eit tiltak.

Utløpet av Kvitebergsvatnet er tidlegare sprengd ut, truleg for å avdempe flaumproblem knytt til landbruksområda i nordenden av vatnet. Ved utløpet er det ein eldre dam. Dammen er omtrent 80 cm høg, og ligg i ein utskoten kanal som har seinka terskelen i utløpet med omlag 1,2 meter. Den utskotne kanalen gjer utløpet frå Kvitebergsvatnet trongt, noko som gjer til at vatn vert halde tilbake ved mykje nedbør/tilrenning og gir ein oppstuvningseffekt med relativt store naturlege svingingar i vasstand.

I høyringsrunda er det fleire av høyringspartane som har merknader til regulering av Kvitebergsvatnet og dei omsøkte reguleringshøgdedene. Det er uro for at den omsøkte reguleringa (HRV 10,0 moh) vil gi auka fare for flaum. Det vert og vist til at auka nedtapping, spesielt om sommaren, vil føre til problem knytt til bruk av vatnet.

Søkjjar har i brev av 02.07.2015 komme med forslag til tiltak for å redusere konflikten knytt til variasjon i vasstand. Det vert foreslått å leggje toppen av terskelen på kote 9,5 (HRV) og det skal

etablerast ei fjernstyrt luke for å seinke vasstanden før varsla flaum. I tillegg kan breidda på terskelen også aukast ved utsprenning på kantane slik at den får auka kapasitet til å ta unna vatn under flaum.

NVE er samd i denne vurderinga og meiner at det med ei aktiv regulering for å ta unna flaumtoppane er mogleg å dempe svingingane i vasstand noko, slik at flaumtoppane ikkje vert vesentleg høgare enn i dag. Dette føreset at det vert etablert tappemoglegheiter t.d. gjennom ekstra tappeluker.

Fylkesmannen rår til at det vert nytta resirkuleringsteknologi kor behov for vassuttak er mykje mindre, og negative verknader vert redusert. Hordaland fylkeskommune viser til at bruk av resirkuleringsteknologi vil redusere behovet for vassuttak og regulering. Fylkeskommunen ber NVE vurdere å setje krav om resirkuleringsteknologi for å redusere vassuttak og trong for regulering av Kvitebergsvatnet.

NVE vurderer at det er tilstrekkeleg magasinkapasitet i normalår til å ta ut 270 l/s, men at det vil vere naudsynt å ta i bruk ekstra tiltak for å spare vatn i tørrår. Data frå anlegg som nyttar resirkuleringsteknologi viser at det kan produserast kring 1 million smolt per 3-5 l/s (fram til ei vekt på kring 80 gram). NVE er samd med Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune at den mest framtidsretta løysinga vil vere å satse på resirkuleringsteknologi. Dersom Ølve Bruk vel å satse på eit resirkuleringsanlegg vil Kvitebergsvatnet med dagens regulering på 0,8 m gi svært romsleg vasstilgong, og moglegheiter for eventuell framtidig utviding.

Naturmangfald

Terrestrisk miljø

Rådgivende Biologer AS har gjort ei samanstilling av eksisterande kunnskap innan artsførekomstar, viktige naturtypar, samt status i forhold til raudlista artar. Av verdiar som vert trekte fram er at Kvitebergsvatnet i Naturbasen er registrert som yngleområde for andefuglar med viltvekt 2. Elles føreligg det ingen informasjon i tilgjengelege databasar om verdifulle naturtypar eller raudlista artar som vert negativt påverka. Det er registrert fiskemåke som er raudlista med status nær truga (NT). Fiskemåke vil truleg i liten grad bli påverka av tiltaket, då den ved ev. hekking normalt legg reiret så høgt i terrenget at det ikkje vert utsett for vasstandsendingar. Det er også registrert storlom som ikkje lenger er på raudlista (LC). Storlom legg reiret nær vasskanten og vil såleis kunne vere følsam for auka vasstand etter at reiret er plassert. Fylkesmannen i Hordaland opplyser at det ikkje er knytt hekkeobservasjonar av storlom til Kvitebergsvatnet, og at dette sannsynlegvis er streiffugl frå Håvikvatnet 3 km mot vest, der det er mistanke om at storlom hekkar.

Rådgivende Biologer skriv at topografi og synfaring langs utløpselva tilseier at det ikkje finnst fuktkrevjande naturtypar som fossesprøytsone, bekkekløft eller nordvendt bergvegg her. Verdien for det terrestrisk biologiske mangfaldet vurderast, basert på kjent informasjon, som liten. Ut frå dei opplysningane som ligg føre er NVE samd i denne vurderinga.

Akvatisk miljø

Det er aure, og truleg også røye og ål i Kvitebergsvatnet. Kalkingsplan for Kvinnherad slo fast at aurebestanden var tett (Johnsen mfl. 1996). Gytebekkane har truleg god kapasitet sidan aurebestanden i innsjøen framleis er «tett». Fisk kan gå opp frå sjøen i utløpselva frå Kvitebergsvatnet. Ved utløpet er det etablert fiskesperre for å hindre oppvandring av fisk frå sjøen. Dagens fiskesperre vart truleg etablert samtidig med eksisterande settefiskanlegg i 1983.

Utløpselva frå Kvitebergvatnet har for det meste grovt substrat og er mellom 2-4 meter brei, og om lag 400 meter lang. Samla elveareal er ca. 1400 m². Rådgivende Biologer konkluderer med at utløpselva frå Kvitebergvatnet ikkje har potensiale for å oppretthalde ein eigen bærekraftig bestand av verken sjøaure eller laks. Rådgivende Biologer skriv; *«Innsjøen og utløpselven har imidlertid sannsynligvis hatt potensiale for en betydelig sjøaurebestand. Dersom man antar at slike innsjøer kan produsere opp til en sjøauresmolt pr meter strandlinje, vil Kvitebergsvatnet med sin over 12 km lange strandsone, kunne produsert over 10.000 sjøauresmolt årlig. Med dagens gjennomsnittlige overlevelse i sjø for sjøaure i Hardangerfjordområdet på ned mot 2 %, betyr det likevel at her er potensiale for en betydelig bestand av sjøaure.»*

Tidlegare var det eit krav frå Mattilsynet at vill anadrom fisk ikkje skulle gå opp i vasskjelda til eit settefiskanlegg. Fiskesperre var då eit nødvendig tiltak i mange vassdrag for å hindre smitte frå villfisk til oppdrettsfisk. Mange fiskesperrer vart etablert utan at NVE vart kontakta. Ei fiskesperre som avkortar lakseførande strekning i eit vassdrag er konfliktfylt og i dag ikkje eit absolutt krav. Det finnst alternativ, og NVE har i brev til heile settefisknæringa den 16.12.2008, formidla at fiskesperrer i dei fleste tilfelle er uønskte. Sjøauren er på sterk tilbakegang i det aktuelle området og vassdragsforvaltninga legg betydeleg vekt på å ivareta desse populasjonane. Både Fylkesmannen og fylkeskommunen meiner at den etablerte fiskesperra på sikt bør fjernast. Ifølgje laks og innlandsfiskelova § 35 er det forbode å stenge for fiskens frie gang utan konsesjon etter vassressurslova.

Ifølgje Miljødirektoratet har fangsten av sjøaure blitt kraftig redusert i perioden 2004 – 2013. Dei to siste åra har fangstane på Vestlandet og i Midt-Norge vore nede i omtrent ein firedel av gjennomsnittet for perioden 1993 – 2003. I enkelte regionar, som i Hardangerfjorden, viser overvaking at bestandane er så reduserte at dei er truga av utrydding. Samtidig er det eit nasjonalt mål at dei ville bestandane av anadrom laksefisk skal opptre i levedyktige bestandar. Målet gjeld alle vassdrag der artane finnst i sjølvreproduserande bestandar, og det skal vere eit naturleg haustbart overskot.

Tilbakegangen skuldast fleire forhold ifølgje Miljødirektoratet. Påverknader som vassdragsreguleringar og andre fysiske inngrep, jordbruksureining og lakselus er dei mest vanlege i dag. Lakselus vert rekna som det største, kjente trugsmålet mot sjøauren, spesielt i område og regionar med mykje oppdrett.

Potensialet for å få ein auke i bestanden ligg delvis i å rydde opp i gamle inngrep som bekkelukking, oppgangshindringar, tørrlegging og ureining. I elva frå Kvitebergsvatnet er det i dag både etablert ei fiskesperre, og det er heller ikkje krav om slepp av minstevassføring frå inntaksdam og ned til utlaup i sjø. Ølve Bruk AS har sjølv foreslått slepp av minstevassføring frå inntaksdam for å ivareta gyte- og oppvekstområder for sjøauren nedstraums dam.

Bestanden av ål i Europa har vist ein sterkt tilbakegang sidan 1980. Rekrutteringa av ålelarvar (glasål) er redusert med meir enn 90 prosent. Ål har i dag status som sårbar (VU) i Norsk Raudliste 2015. For å sikre vandringsvegen for ål i vassdraget vil det vere naudsynt å gjere avbøtande tiltak som sikrar vandringsvegen for ål, både oppvandring og nedvandring.

NVE vurderer at anlegget, slik det står fram med fiskesperre, er til stor skade og ulempe for sjøaure og ål. NVE meiner at det er ein føresetnad at sjøaure og ål skal kunne passere dammen ved utløp av Kvitebergsvatnet. Dersom fiskesperra blir fjerna og det blir sleppt minstevassføring frå inntaksdam, meiner NVE at tiltaket vil få ein positiv effekt med tanke på sjøaure og ål.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om Ølve Bruk sitt anlegg legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar, samt NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 02.03.2016. Etter NVEs vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, samt for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til settefiskanlegget fins det ål (VU) og sjøaure. Ei eventuell utbygging av Ølve Bruk sitt anlegg vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5, gitt at fiskesperre blir fjerna slik at vandringsvegen for ål og sjøaure vert sikra.

Naturmangfaldlova § 10 fastset prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning. Dette inneberer at ein må ha kunnskap også om andre tiltak og påverknader på økosystemet slik at ein kan identifisere den samla belastninga, jf. også formuleringa i § 8 om "effekten av påvirkninger". I vurderinga av samla belastning skal det både takast omsyn til allereie eksisterande inngrep og forventa framtidige inngrep. Ifølge søknaden er det drive med stamfisk/settefiskproduksjon ved anlegget sidan 1983, og vassdraget har vore regulert sidan den tid. NVE meiner at tiltaket ikkje vil føre til negative endringar av økosystemet i vassdraget over tid når det vert sett vilkår. Dersom det vert sett krav om slepp av minstevassføring og at fiskesperra vert fjerna vil forholda bli noko betre enn dagens status for vassdraget.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tilleggast særleg vekt.

Fylkesmannen viser til naturmangfaldlova § 12 som seier at det skal takast i bruk driftsmetodar der ein unngår eller avgrensar skadar på naturmangfaldet, og vidare skal det nyttast driftsmetode som gir best resultat for samfunnet. Fylkesmannen meiner at det bør nyttast resirkuleringsteknologi og at krav til best mogleg teknologi ikkje er oppfylt ved å byggje eit gjennomstrøymingsanlegg. Fylkesmannen rår difor til at søknaden vert avslått og viser til naturmangfaldlova § 12. NVE har vurdert val av driftsmetode opp mot verknad for naturmiljø og meiner at tiltaket, slik det vert søkt om, i tilstrekkeleg grad tek omsyn til naturmangfaldet og kan akseptast i forhold til § 12.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Landskap og friluftsliv

Landskapet ved Kvitebergsvatnet og Hyttevågen er kuppert og skogkledd med furuskog. Busetnaden er spreidd utover med sporadiske hus og småbruk, som i hovudsak er knytt til sjøen. Det eksisterande settefiskanlegget ligg ved sjøen inst i Hyttevågen. Landskapet langs fjorden er trengt og består av bratte og småkupperte, skogkleddde åsar ned mot den innestengde fjordbotnen. Området er prega av

busetnad og langs nedre del av utløpselva frå Kvitebergsvatnet går det veg og kraftline. Riksveg 49 går langs vestsida av Kvitebergsvatnet med stadvis utsyn til vatnet. Landskapet har samla sett relativt lite kontrastar og er utan den store inntrykksstyrken for forbipasserande. Utløpselva er lite synleg i landskapsrommet og utgjer ikkje noko markert landskapselement. Inntrykket vert noko svekka av den synlege reguleringa av Kvitebergsvatnet. Reguleringa det vert søkt om er noko større enn den som har vore praktisert fram til i dag. Ei noko meir aktiv bruk av reguleringa, enn det settefiskanlegget har praktisert tidlegare, vil kunne føre til ein liten negativ verknad på opplevinga av landskapet.

Området vert nytta til fiske og friluftsføremål. Lågaste tilrenning skjer gjerne i perioden mai-august, i same periode som friluftaktivitet knytt til vassdraget er størst. Fisk er vekselvarm og stoffomsetninga aukar med temperatur og dermed aukar vassbruken. Sjølv med omlegging av drifta vil vekttauken hos fisk vere størst når vasstemperaturen aukar. Med auka antal fisk i anlegget forventar vi at det vil bli noko vanskelegare å kontrollere vassbehovet i anlegget i dei varmaste periodane.

Kvinnherad kommune opplyser at vatnet er mykje nytta til fritidsbruk og fiske. Kommunen viser også til at auka vasstand vil ha påverknad på tilkomst til båtstøene. I høyringsrunda vert det frå fleire grunneigarar trekt fram at større endringar i vasstand, særleg høgare vasstand og oppdemming, vil kunne føre til problem for naust og dyrkamark. Det vert trekt fram at låg vasstand kan føre til ulemper knytt til utsetting av båtar og bruk av vatnet. Søkjar skriv i si tilbakemelding at dei ynskjer dialog med grunneigarar for å finne ei praktisk og enkel løysing for tilkomst og utsett av båt.

Fylkeskommunen viser til at Kvitebergsvatnet har vore regulert 0,8 m dei siste 30 åra. Fylkeskommunen vurderer at ei auke i regulering på 0,4 m til totalt 1,2 m vil ha liten til moderat negativ effekt på friluftsliv i området. NVE er samd i denne vurderinga og meiner, ut frå planlagt vassuttak og opplegg for regulering, at verknadane av endra reguleringsregime vert avgrensa i høve dagens vasstandsvariasjonar. I eit gjennomsnittleg år vil vatnet normalt bli tappa ned om lag 0,8 m, men i særst tørre år kan det vere naudsynt å nytte heile reguleringa med inntil 1,6 m.

NVE vurderer at tiltaket vil gi noko negativ verknad for landskap- og friluftsinnteresser.

Kulturminne

Søknaden viser til at utbygginga ikkje råkar kjende automatisk freda kulturminne direkte og at det ikkje er venta at tiltaket vil få vidare konsekvensar for kulturminner.

Fylkeskommunen viser til at det er kjent svært mange automatisk freda kulturminne og andre verneverdige kulturminne rundt Kvitebergsvatnet. I alt er det kjent 20 steinbrot og hellarar rundt vatnet, der spesielt produksjon av baksteheller har dominert. Fylkeskommunen vurderer at potensialet for fleire funn, både i og langs vatnet, er stort.

Når det gjeld kulturminne frå nyare tid viser fylkeskommunen til nausta og nausttuftene i Ambarevika, ruin etter kvern og korntørke, oppgangssag i Slaggelva (utløpselva), naust og nausttufter i Attramadal, på Tufta og på Røyrane. Det vert og nemnt spor etter gruvedrifta i Attramadal. Fylkeskommunen meiner at tiltaket vil få ein viss visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø, både på grunn av auka vasstand og eventuelt redusert vassføring i elva.

Fylkeskommunen konkluderer med at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova må oppfyllest i god tid før iverksetting av tiltak. Fylkeskommunen meiner også at tiltaket sin innverknad på kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid bør vurderast. Vassføringa i elva bør oppretthaldast i størst mogleg grad.

NVE vurderer at tiltaket i liten grad vil påvirke kjente kulturminneverdiar då vasstanden ikkje skal hevast i høve dagens nivå, om lag 2/3 av vassføringa vil gå i overløp, samt at det skal sleppast ei minstevassføring i elva. NVE viser elles til uttale frå Hordaland fylkeskommune og at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova må oppfyllest før iverksetjing av tiltak. Dette punktet vert og fanga opp gjennom standard konsesjonsvilkår.

Samfunnsmessige fordelar

Ein konsesjon til vassuttaket slik det vert søkt om vil gi grunnlag til å utvide smoltproduksjonen ved anlegget. Ei utviding vil styrke det lokale næringsgrunnlaget og bidra til å sikre arbeidsplassar i distriktet. Ei utviding av settefiskanlegget vil bidra til sysselsetting av inntil fem årsverk ved anlegget, med behov for ekstra deltidstilsette i periodar med stor innsats. Tiltaket vil sikre eit godt grunnlag for Alsaker Fjordbruk AS sin oppdrettsaktivitet i regionen. Selskapet har i dag ei samla verdiskaping på om lag 100 millionar kroner for kvar million smolt produsert. Ei utviding av smoltproduksjonen slik det vert søkt om, vil samla kunne gi ei verdiskaping kring 200 millionar kroner på sikt.

Oppsummering

Dei aller fleste utbyggingsprosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til vassuttak til settefiskanlegget må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå. I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Alsaker Fjordbruk AS sitt anlegg vil gi eit betydeleg bidrag til produksjon av smolt og auke i verdiskaping i regionen.

Dei største konfliktane med utbygginga er knytt til landskap og friluftsliv, kulturminne og biologisk mangfald. Omsynet til landskap og friluftsliv er vektlagt spesielt sidan tiltaket ligg i eit område som er mykje nytta til friluftaktivitetar av lokalbefolkninga. NVE meiner at med ein tappestrategi der ein tek unna flaumtoppar, vil ikkje tiltaket føre til større ulemper knytt til for høg vasstand. NVE meiner at vasstandsvariasjonane ved ei regulering vil bli noko større enn dagens situasjon, men at desse variasjonane likevel er akseptabel for friluftsliv og andre brukarinteresser.

Verknad for kulturminner er tillagt vekt då området har ei rik historie frå nyare tid. NVE vurderer at utbygginga i liten grad vil påvirke kjente kulturminneverdiar.

Tiltakets verknad for biologisk mangfald er også vektlagt. Det vandrar sjøaure og ål opp i vassdraget. NVE vurderer at dagens fiskesperre ved utløpet av Kvitebergsvatnet, er til stor skade og ulempe for sjøaure og ål. NVE meiner at det er ein føresetnad at sjøaure og ål skal kunne passere dammen ved utløp av Kvitebergsvatnet. Dersom fiskesperra blir fjerna og det blir sleppt minstevassføring frå inntaksdam, meiner NVE at tiltaket vil få ein positiv effekt med tanke på sjøaure og ål. Ved etablering av ny dam ved utløpet av Kvitebergsvatnet er det viktig at sjøaure og ål vert sikra passasje forbi dammen. Med føresetnad om at avbøtande tiltak vert gjennomført, meiner NVE at verknadane for allmenne interesser kan akseptast.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Alsaker Fjordbruk AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn og regulering av Kvitebergsvatnet. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

NVE slår fast at anlegget, slik det står fram med fiskesperre, er til nemneverdig skade og ulempe for allmenne interesser i vassdraget, og at drift av anlegget med fiskesperre utan konsesjon ikkje er i tråd med vassressurslova § 8. NVE gir Alsaker Fjordbruk AS frist for å sørge for at anadrom fisk skal kunne passere inntaksdam innan 1.1.2018.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Reguleringsgrenser, slepp av vatn og vassuttak

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Årleg tilsig til Kvitebergsvatnet	Mill m ³	25,2
Magasinkapasitet (1,2 m regulering)	Mill m ³	1,7
Middelvassføring	m ³ /s	0,8
Alminneleg lågvassføring	m ³ /s	0,11
5-persentil sommar	m ³ /s	0,06
5-persentil vinter	m ³ /s	0,21
Slepp av minstevassføring	m ³ /s	0,07
Gjennomsnittleg vassuttak	m ³ /s	0,27

Reguleringsgrenser

I søknaden vert det søkt om å regulere Kvitebergsvatnet mellom HRV kote 10,0 og LRV kote 8,8. Reguleringa gir ein magasinkapasitet på om lag 1,7 mill. m³. Naturleg vasstand (NV) vert oppgjeve til kote 9,6. I høyringsrunda er det fleire av høyringspartane som har merknadar til regulering av Kvitebergsvatnet og dei omsøkte reguleringshøgden. Dei fleste høyringsuttalane er knytt til uro for at den omsøkte reguleringa (HRV 10,0 moh) vil føre til problem knytt til høge flaumvasstandar. Det vert og vist til at auka nedtapping, spesielt om sommaren, vil føre til problem knytt til bruk av vatnet.

Alsaker Fjordbruk har etter høyringsrunden komme med revidert framlegg til regulering av Kvitebergsvatnet. I revidert framlegg vert det søkt om å regulere Kvitebergsvatnet 1,6 m mellom kote 9,5 (HRV) og kote 7,9 (LRV). Ei regulering på 1,6 meter gir ein magasinkapasitet på om lag 2,2 mill. m³.

NVE vurderer at Kvitebergsvatnet har stor variasjon i vasstand ut frå dei naturgjevne føresetnadane med eit trongt utlaup. NVE meiner at det med ei aktiv regulering for å ta unna flaumtoppane er mogleg å dempe svingingane i vasstand noko, slik at flaumtoppane ikkje vert vesentleg høgare enn i dag. Dette føreset at det vert etablert tappemoglegheiter t.d. gjennom ekstra tappeluker, slik som foreslått under tilleggsopplysningar (Innspill til opplegg for regulering av Kvitebergsvatnet).

Variasjonar i vasstand og nedtapping av Kvitebergsvatnet vil bli noko større enn dagens situasjon. NVE vurderer at desse variasjonane likevel er akseptabelt for friluftsliv og andre brukarinteresser.

NVE vurderer vidare at magasinkapasiteten er god og at denne saman med naturleg tilsig vil sikre stabil vassforsyning gjennom heile året også i tørrår.

Det skal settast opp merke ved Kvitebergsvatnet som viser høgste og lågaste regulerte vasstand, og eit informasjonsskilt som informerer om vilkåra for reguleringa. Dette skal plasserast godt synleg for ålmenta. Utforminga av skilt og merking inngår som ein del av NVE si oppfølging etter post 4 i vilkåra.

Slepp av vatn

Som avbøtande tiltak foreslår Alsaker Fjordbruk AS å sleppe ei minstevassføring på 70 l/s heile året frå inntaksdammen ved utløpet av Kvitebergsvatnet.

Ingen av høyringsinstansane har spesielle merknader til foreslått slepp av minstevassføring.

Det har tidlegare ikkje vore krav om slipp av minstevassføring i vassdraget. Det vandrar anadrom fisk opp i vassdraget og ei minstevassføring vil vere eit positivt bidrag for i sikre gyte- og oppvekstområder nedstrøms Kvitebergsvatnet i periodar med lite tilsig i vassdraget.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 70 l/s heile året. Ifølge hydrologiske data som følger konsesjonssøknaden vil det vere tilstrekkeleg med vatn også i tørrår til slepp av ei slik minstevassføring og omsøkt vassuttak. Tiltakshavar har ansvar for til ei kvar tid å sikre tilstrekkeleg vassføring for å oppretthalde viktige naturverdiar i vassdraget.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Den tekniske løysinga skal og vere på plass før ein ev. ny konsesjon etter akvakulturlova kan takast i bruk. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for ålmenta. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta

Vassuttak

Vassuttaket skal avgrensast til maksimalt 0,4 m³/s, lik vassleidningens kapasitet. Gjennomsnittleg vassuttak over året skal ikkje overstige 0,27 m³/s.

Tiltakshavar har ansvar for å tilpasse vassuttak og produksjon slik at vassressursen vert forvalta på ein berekraftig måte. Vassressursen skal forvaltast slik at vilkåra knytt til reguleringsgrenser og slepp av vatn til ei kvar tid vert overhalde, også i tørrår.

Det skal monterast vassmålar i settefiskanlegget og vassuttaket skal loggførast kontinuerleg. Data må kunne leggjast fram for NVE på førespurnad.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal leggjast fram for NVE sitt miljøtilsyn og godkjennast av NVE før arbeidet kan starte, og før ein ev. konsesjon etter akvakulturlova om utviding kan tas i bruk. Selskapet skal skriftleg varsle NVE når konsesjon etter vassressurslova vert teken i bruk.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassen er bestemmende for dei krav til sikkerheit som stillast til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

Vi viser også til merknadane i vilkåra post 6 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

Inntak	Eksisterande inntak i Kvitebergsvatnet skal nyttast Teknisk løysning for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE.
Vassveg	Eksisterande røyr skal nyttast.
Største vassuttak	Søknaden oppgir 0,4 m ³ /s, lik vassledningens kapasitet.
Gjennomsnittleg vassuttak	Gjennomsnittleg vassuttak er i søknaden oppgjeve til 0,27 m ³ /min (16 m ³ /min).
Avbøtande tiltak	Fiskesperre skal fjernast innan 1.1.2018. Det skal leggjast til rette slik at sjøaure og ål kan passere forbi dam ved utløpet av Kvitebergsvatnet. Fiskepassasje må fungere både for sjøaure og ål. Teknisk løysning for fiskepassasje skal godkjennast av NVE. Det skal byggast ålegitter som kan monterast framfor inntaket, med lysopning på maksimalt 0,9 cm.

Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varslings av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.